

LØRDAG 20. JUNI, KL. 09.00-12.15 OG SØNDAG 09.45-11.15

MIGRASJON

Sesjonsledere: Ann Elisabeth Laksfoss Hansen og Gunnar Nerheim

Migrasjonssesjonen tar hovedsakelig for seg norsk emigrasjonen til Nord-Amerika, men vil også ta for seg andre historiske flyttestrømmer til og fra Norge. Det store flertallet av norske emigranter flyttet til USA og Canada. Med bakgrunn i både kvantitativ og kvalitativ metode vil bidragene til sesjonen kartlegge og følge migranter i amerikanske lokalsamfunn, og påvirkning på et norsk lokalsamfunn. Både mikro og meso-perspektiv er representert. Flere av presentasjonene bruker brev og statistikk som kildemateriale og analyserer endring i levevilkår over tid.

Hvordan påvirket mulighetene til utdanning, arbeid, økonomisk uavhengighet og religiøs frihet i Amerika, norske kvinner og menns liv? Hvordan oppfattet migrantene ulikhetene mellom Norge og USA når det gjaldt forventinger til sosiale hierarki, kjønnsroller og kvinners handlingsrom? En presentasjon har oppdatert Cleng Peerson-forskningen, mens en annen fokuserer på kulturmøter. Sesongpendling til USA er temaet for den tredje presentasjonen, i hovedsak innen fiskeri, og hvordan sesongpendling bidro til fiskeriteknologisk utvikling på pendlernes hjemsted.

Den siste innvandringsveksten til norske byer startet fra slutten av 1960-tallet. Her presenteres et pågående arbeid om innvandring til Drammen i perioden 1970-2015.

Spania ble fra midten av 1960-tallet en populær destinasjon for nordmenn som turister og migranter. Et pågående PhD-prosjekt om nordmenn i Alicante fra 1971-2011, vil forklare sammenhengen mellom turisme og migrasjon, og hvordan flere lokalmiljøer rundt Benidorm endret seg over tid.

Norske immigranter i USA (Lør. 09.00-10.30)

Gunnar Nerheim (professor UiS): *Cleng Peerson og norsk utvandring. Ny forskning om hans siste år blant nordmenn i Texas*

I desember 2015 er det 150 år siden Cleng Peerson døde i Bosque County, Texas. Hvordan vil vi vurdere Peersons rolle i dag? Var han den norske emigrasjonens far? Var han stifinneren – fra 1821 og resten av livet? Var han en arbeidssky eventyrer, en vagabond som ikke en gang var i stand til å ta vare på seg selv? Var han en religiøs svermer eller en fritenker? Vet dagens forskere mer om hans liv i dag enn tidligere? Vår kunnskap om hans liv fra 1824 til 1847 er relativt fyldig. Men de siste tiårene har ny forskning revidert vår kunnskap om andre aspekter. Hvorfor dro han til Texas i 1849, og ble boende der til sin død?

Takket være den raske digitaliseringen og arkivstudier i Bosque Museum i Bosque County er det mulig å tegne et atskillig fyldigere bilde av de siste femten årene av Cleng Peerson's liv. Nye forskningsresultater belyser hvorfor Cleng dro til Texas og livet til de norske pionerene i Texas på 1850 og 60-tallet.

May Lunde (Cand.philol. UiO): *Nordnorske immigranter i Midtvesten: Arbeid, religion og etnisitet.*

Presentasjonen vil ta for seg og gi eksempler på kulturmøter i Nord-Norge og i Nord-Amerika som fikk betydning for utviklingen av lokalsamfunn blant nordnorske immigranter i USA. I dette foredraget ønsker jeg å fokusere på utvandringen fra Nordkalotten til Nord-Amerika av en befolkning med blandet etnisk og kulturell identitet. Basert på min forskning til en doktorgrad om emnet, vil jeg gi eksempler på hvordan det har gått med denne multi-etniske befolkningen i deres tilpasning til amerikansk samfunn både økonomisk, sosialt og kulturelt.

Frode Fyllingsnes: *«Trekkfuglane». Arbeidspendlinga frå Karmøy til Nord-Amerika ca. 1900-1980*

Karmøy var eit av dei områda i Norge som hadde størst utvandring til Nord-Amerika i høve til folketalet. Dei som drog kan delast inn i tre grupper: a) utvandrarar som busette seg i Amerika for godt (emigrantar), b) dei som flytte tilbake etter ei tid (remigrantar) og c) arbeidspendlarar innanfor ein fast syklus. I foredraget vil fokus vera på den siste gruppa. Det dreidde seg i stor grad om menn som dreiv fiske ut frå New York, New Bedford (Massachusetts), Seattle og Alaska. Denne arbeidspendlinga føregjekk frå kring 1900 og fram til 1970-åra. Kva følgjer pendlinga fekk for lokalsamfunnet på Karmøy vil også verta omtalt, særleg med tanke på nyvinningar innan fiskeriteknologien tidleg på 1900-talet.

Norske migrantgrupper (Lør.10.45-12.15):

James Godbolt: *Ein innvandringspolitikk blir til: Drammen kommune og innvandrar-befolkninga 1970-2015.*

Midt på 70-talet kunne rektoren på Fjell skole i Drammen rapportere til fylkesmannen om "én vest-pakistansk elev" som trong støtteundervisning i norsk. På same tid hadde sosialkontoret ikkje gjort anna for innvandrarbefolkninga enn å arrangere eit informasjonsmøte retta mot innvandrarvinnene i byen. I dag har både Fjell og fleire skuler i Drammen langt fleire elevar med innvandrarbakgrunn enn elevar med norsk etnisk opphav, og det finst om lag 100 tilsette ved Introduksjonssenteret som forvaltar ansvaret for integreringspolitikken i kommunen. Denne presentasjonen handlar om korleis Drammen kommune kom til å hanskast med ei etter norsk målestokk stor og mangfaldig innvandrarbefolkning. Temaet inngår i eit større lokalhistorisk prosjekt om den fleirkulturelle bydelen Fjell i Drammen kommune.

Ann Elisabeth Laksfoss Hansen: *Ferierende, «trekkfugler» og andre nordmenn i Alicante*

Masseturismen, europeisk integrasjon og velferdsstatens vekst har påvirket turisme, ferie-bolig, vinterpendling og flytting fra Nord-Europa til Spania. Utvikling av og sammenhengen mellom turisme og migrasjon har en sentral plass i prosjektet. Transnasjonale forbindelser mellom norske familier, klubber og institusjoner i Spania og Norge utforskes historisk i et meso-perspektiv.

Norsk migrasjon til Nord Amerika, 1850-1940: Kjønn, religion og arbeid (søn.09.45-11.45)

Nils Olav Østrem: *Kjære søster, kjære broder- søskenflokkens variasjon i flytting og migrasjon 1850-1920*

Ungdomsutvandrarane dominerte den seinare utvandringa og skapte søskenflokkar sterkt prega av ulike lagnader for søstrer og brør. Geografisk, demografisk, sosialt og kulturelt varierte søskenflokkane mykje. Søskenlaga blei splitta opp, nokre blei emigrantar, andre byflyttarar og somme 'heimfødingar'. Movers- og stayer-variasjonen blei trass i all spreinga ofte halden saman gjennom kjedar, nettverk og pengesendingar. Dei unge enkeltutvandrarane var like mykje kjedemigrantar med prepaid-tickets som isolerte amerikafararar utan ven-, slekts- eller naboskapsband korkje "over there" eller tilbake til heimlandet. Trass i all søskenvariasjonen verka lenge det store mangfaldet i søskenflokkar til å halda oppe hushaldsøkonomisk orientering søskena imellom. Presentasjonen vil med mikrohistorisk tilnærming og lokalhistorisk tilfang diskutera søskenflokkmangfaldet.

Anders Aschim : *Anders Christian Olsen (1836-1906). Bondestudent frå Rana og utvandrarprest i Illinois*

Anders Christian Olsen (1836-1906) var veslebror til den meir kjende Ole Tobias Olsen, "Nordlandsbanens far". Til liks med ei rad andre bondesøner frå Nordland gjennomførte han lærarutdanninga ved Tromsø seminar, for mange eit høve til både geografisk og sosial mobilitet, og begynte å studere i Kristiania. Ulikt dei fleste andre emigrerte han til USA og blei prest der. Eit omfattande brevkifte blir her for første gang presentert og analysert. Presentasjonen er ein del av prosjektet Bondestudentar (Frå Nordland).

Kari Hempel: *Hva betydde tilbakevandrerne for framveksten av dissenterbevegelsen i Norge tidlig på 1900-tallet?*

Folketellingen 1910 blir brukt for å se på forholdet mellom tilbakevandring frå Nord-Amerika og dissentermedlemskap.

Arnfinn Kjelland: *Hans maa ikke reise til Amerika som har saa meget arbeid her*

Innlegget analyserer delar av innhaldet i 34 brev sendt frå familiemedlemer på husmanns-plassen Jørådstad på Lesja til søner i Midt-Vesten i perioden 1897–1926. Eg vil sjå nærare på korleis avsendarane vurderte på arbeidsforholda i heimbygda i høve den nye verda og endringar i desse synspunkta gjennom perioden.